VOSSAJAZZ 1990



6. - 8. april 1990. Adr: Boks 223, 5701 Voss. Tlf: 05/51 00 55

VOSSAJAZZ 1990



VITAL
Forsikring

billetter på posten frå 5. februar


VOSSA JAZZ
Hansa
for
enhver tørst

POSTMEISTER ANDERSEN

Arild Andersen har sjølvsagt ikkje begynt på Posten, men Posten har for lenge sidan begynt med Arild Andersen. Vossa Jazz har nemleg ei avtale med oss om sal av billettar på Posten – i fjor selde vi 80% av billettane.

Gjennom 530 postkontor når Vossa Jazz 70% av folket i Noreg. Derfor veit arrangørane at denne festivalen blir ein suksess i år som i fjor.

Noko å tenkje på for andre festivalarrangørar?

billetter på posten

Innhald:

Mike Stern & Bob Berg Band	s. 5
Poems for trio	s.5
Arild Andersens "Sagn"	s. 6
Arkhangelsk	s. 8
Steps Ahead	s. 9
Papa Mu	s.11
Andy Sheppard	s.12
Betty Carter	s.13
Dr. Bekken	s.14
Gjete kongens harer	s.13
Om billettsal	s.14
Programoversyn	s.15
Ivar Vatne/Arne Nøst	s.16
Festivalplakatar 1986-89	s.17
Folkemusikklubb	s.19
Filmen "Bird"	s.19
Anne Grete Preus	s.21
Jazzade	s.21
Blast	s.23
Amost Brothers Band	s.23
Litteratutreff	s.25
Kyrkjekonsert	s.26
Tone Hulbækmo	s.27
Hatuey	s.27
Alterhaug/Christensen/ Stensson	s.28
P2 - jazzkanalen	s.29
Kart over Vossevangen	s.31

Program redaksjonen:

Geir Arne Aspebakken
Nils T. Kvamsdal
Lars Mossefinn (ansv.)

Sats og Lay-out:
VOSSA JAZZ

Trykk:
Rema/Voss Offset

Velkomen til Vossa Jazz 1990!

Vossa Jazz inviterer til ei innleiing av påskeferien fylt av musikalske perler, eit festivalstemd publikum og varm vårsol på snødekte fjellsider. Festivalen er no vonleg lagt fast til palmehelga, og kva passar betre enn å pakka sekken, reisa til den fargerike vinterfestivalen på Voss og få ein flygande start på nokre velfortente fridagar.

Styret har satsa vidare på ei brei musikalsk orientering, noko som og kjem til uttrykk gjennom musikarar frå Sovjet, Norden, Shetland, England, Brasil og USA. Ein mangfaldig folkemusikklubb er tilbake på programmet, og ikkje minst er det store forventningar til Arild Andersen sitt tingingsverk. Her vert samarbeidet med Kirsten Bråten Berg ført vidare. Nana Vasconcelos frå Brasil skal vera med å knyta det heile saman med sine utallige perkusjonsinstrument . Vossa Jazz er og glad for å kunne presentera russiske Arkhanglesk og engelske Andy Sheppard for fyrste gong i Norge. Mellom heimlege artistar vil Vossa Jazz nemna satsinga på det som skal verta eit nytt regionalt orkester -Papa Mu- 13 musikarar med Knut Kristiansen og vossingen Olav Dale som musikalske leiarar.

Fjorårets festival var ein stor publikumsuksess som skapte visse vanskar med overfylte klubbar. Styret legg i år vekt på å få til ei betre avvikling for å unngå kødanning.. Lågprislina med dagskort og festivalpass som var noko av åraken til vanskane, er me ikkje viljuge til å gå ifrå. Dette billettsystemet avspeglar det mangfaldet styret har som ei musikalsk plattform, då det gjev høve til å vitja fleire parallelle arrangement same kveld. Slik trur me mange vil få musikalske aha-opplevingar, som i neste omgang vil koma jazzmusikken til gode.

Vossa Jazz ynskjer deg velkomen. Me håpar du finn deg til rette og tek rikeleg til deg av den musikalske menyen Vossa Jazz serverer gjennom tre hektiske døgn fyrste helga i april.

Stor takk til sponsorane våre:

Vital forsikring A/S,
Hotell Vossevangen, Park hotel, Fleischers hotel,Hotel Jarl, Vekselbanken og "Hordaland"

Me takkar og Kultur- og Vitenskapsdepartementet, Hordaland Fylke, Voss Kommune, Norsk Kulturråd, Fond for Utøvende Kunstnarar, Norsk Kassettavgiftsfond og British Council. Vossa Jazz har mange andre støttespelarar ellers i bygda. Takk til dykk alle. Stor takk og til Pål Gjersum og Hasse Andersen.

Vossa Jazz, boks 223, 5701 Voss
Tlf. 05/510055 Telefax:05/512384

VELKOMEN TIL VOSS!

Vossa Jazz inviterer til ei innleiing av påskeferien fylt av musikalske perler, eit festivalstemd publikum og varm vårsol på snødekte fjellsider. Festivalen er no vonleg lagt fast til palmehelga, og kva passar betre enn å pakka sekken, reisa til den fargerike vinterfestivalen på Voss og få ein flygande start på nokre velfortente fridagar.

Styret har satsa vidare på ei brei musikalsk orientering, noko som og kjem til uttrykk gjennom musikarar frå Sovjet, Norden, Shetland, England, Brasil og USA. Ein mangfaldig folkemusikklubb er tilbake på programmet, og ikkje minst er det store forventningar til Arild Andersen sitt tingingsverk. Her vert samarbeidet med Kirsten [illegible]ten Berg ført vidare. Nana Vasconcelos frå Brasil skal vera med å knyta det heile saman med sine utallige perkusjonsinstrument . Vossa Jazz er og glad for å kunne presentera russiske Arkhanglesk og engelske Andy Sheppard for fyrste gong i Norge. Mellom heimlege artistar vil Vossa Jazz nemna satsinga på det som skal verta eit nytt regionalt orkester -Papa Mu- 13 musikarar med Knut Kristiansen og vossingen Olav Dale som musikalske leiarar.

Fjorårets festival var ein stor publikumsuksess som skapte visse vanskar med overfylte klubbar. Styret legg i år vekt på å få til ei betre avvikling for å unngå kødanning.. Lågprislina med dagskort og festivalpass som var noko av åraken til vanskane, er me ikkje viljuge til å gå ifrå. Dette billettsystemet avspeglar det mangfaldet styret har som ei musikalsk plattform, då det gjev høve til å vitja fleire parallelle arrangement same kveld. Slik trur me mange vil få musikalske aha-opplevingar, som i neste omgang vil koma jazzmusikken til gode.

Vossa Jazz ynskjer deg velkomen. Me håpar du finn deg til rette og tek rikeleg til deg av den musikalske menyen Vossa Jazz serverer gjennom tre hektiske døgn fyrste helga i april.

SPONSORAR!

Vossa Jazz vil få takka:

Vital forsikring A/S
Vekselbanken
Hordaland
Park hotel
Fleischers hotel
Hotel Jarl
Hotell Vossevangen

Me takkar og Kultur- og Vitenskapsdepartementet, Hordaland Fylke, Voss Kommune, Norsk Kulturråd, Fond for Utøvende Kunstnarar, Norsk Kassettavgiftsfond og British Council. Vossa Jazz har mange andre støttespelarar ellers i bygda. Takk til dykk alle. Stor takk og til Pål Gjersum og Hasse Andersen.

Bukettar til Vossa Jazz-prisen er gjeve av Vossvangen Gartneri

Alt i planter og blomster til hus og hage

VOSSEVANGEN

5700 VOSS **GARTNERI**

Blomsterforretning og hagesenter

Tlf.05-51 11 26 5701 Voss

OVERNATTINGSTILBOD VOSSA JAZZ 1990

Prisane er pr.pers	rom/frok.	1/2pensj.	1/1pensj.
PARK HOTEL:			
3-sengsrom	320,-kr.	395,-kr.	470,-kr.
Dobbeltrom	365,-kr.	440,-kr.	515,-kr.
Enkeltrom	465,-kr.	540,-kr.	615,-kr.
HOTELL VOSSEVANGEN:			
4-sengs motell	270,-kr.	340,-kr.	415,-kr.
2-sengs motell	340,-kr.	420,-kr.	500,-kr.
3-sengsrom	320,-kr.	395,-kr.	470,-kr.
Dobbeltrom	365,-kr.	440,-kr.	515,-kr.
Enkeltrom	465,-kr.	540,-kr.	615,-kr.
HOTEL JARL:			
3-sengsrom	300,-kr.	380,-kr.	460,-kr.
Dobbeltrom	350,-kr.	430,-kr.	510,-kr.
Enkeltrom	470,-kr.	550,-kr.	630,-kr.
FLEISCHER'S HOTEL:			
3-sengsrom	320,-kr.	420,-kr.	495,-kr.
Dobbeltrom	395,-kr.	480,-kr.	575,-kr.
Enkeltrom	495,-kr.	595,-kr.	675,-kr.
VANG PENSJONAT:			
6-sengs suite	170,-kr.	250,-kr.	
4-sengsrom	190,-kr.	270,-kr.	
3-sengsrom	210,-kr.	290,-kr.	
Dobbeltrom	230,-kr.	310,-kr.	
Enkeltrom	300,-kr.	380,-kr.	
RONDO PENSJONAT:			
Fleirsengsrom	175,-kr.	270,-kr.	
Dobbeltrom	200,-kr.	295,-kr.	
Enkeltrom	300,-kr.	395,-kr.	

SOVESAL -PR.DØGN KR.50,-

Ta med sovepose og liggeunderlag.

Mike Stern & Bob Berg Band

Det er musikarar i den absolutte stjerneklassen som opnar "konsertsesongen" under årets Vossa Jazz. Både Bob Berg og Mike Stern har, trass i sin relativt unge alder, fleire års fartstid saman med kremen av internasjonale jazzmusikarar. Tidleg på 80-talet jobba dei saman med Miles Davis, og lista over prominente samarbeidspartnarar er lang. Saxofonisten Bob Berg har også ei fortid frå Vossa Jazz. I 1977 spela han saman med Cedar Walton, i kjellaren på Park.

Bob Berg - saksofon

Mike Stern - gitar

Gitaristen Mike Stern har opp gjennom åra late seg inspirera av dei fleste som "tel" i gitarkrinsar; der i mellom namn som B.B.King, Jimi Hendrix, Eric Clapton, Wes Montgomery, Jim Hall og Pat Metheny. Og det var sistnemnde som var årsak til at Mike Stern i 1976 vart medlem av Blood Sweat and Tears. Seinare vart det så jobbing med Billy Cobham, tre år med Miles Davis, eitt år med Jaco Pastorius - og seinare kortare prosjekt med David Sanborn, Steps Ahead og Michael Brecker Band. Den seinare tida har Stern stort sett brukt tida som soloartist, når han då ikkje jobbar saman med Bob Berg.

Bob Berg "voks opp" saman med saxofonistar som Michael Brecker og David Liebman. Etter eit omflakkande tilvere som ung, kvit og "opprørsk" jazzmusikar utan fast jobb og tilhaldsstad, fekk han tidleg på 70-talet fast grunn under føtene i bandet til pianisten Horace Silver. Etter tre år der, jobba han seks år saman med Cedar Walton, og det var i denne perioden han vitja Vossa Jazz. Perioden saman med Miles Davis forklarar Berg slik: "Han ba meg kome på ei øving, men han sa aldri at eg skulle gå igjen".

Bob Berg og Mike Stern har hatt stor suksess med sin noverande kvartett. Med eit grunnlag i bebop spelar dei rockete fusion-musikk som swingar. Bandet sel godt, både på platemarknaden og som liveband, og dei trekte fulle hus på Europa-turneen i fjor vår.

Med seg i kvartetten har dei trommevirtuosen Dennis Chambers og bassisten Lincoln Goines. Goines er truleg eit relativt ukjent namn for dei fleste, men rapportane seier at me har mykje godt i vente, også frå den kanten.

VOSS IDRETTSHALL,
FREDAG KL 19.00

"Poems for trio" og Frode Rasmussen:

BJØRNEBOE OG LYRISK JAZZ

Skodespelaren Frode Rasmussen er ein mann med mange talent. Han er ein av dei få som har gåva å stå heilt åleine på ein scene - og likevel fylla heile rommet. Og nett det å stå åleine på scenen har vorte litt av eit varemerke for denne utrulege artisten. Den som har sett Rasmussen tolka t.d. Dario Fo, har fått ei oppleving som ikkje lett vert gløymt. I tida si i Bergen har også Rasmussen gjort stor suksess med sin versjon av den erke-bergenske "Evy`en".

Men denne gongen er det ei heilt anna side av Rasmussen me skal få sjå. Saman med Bergens-bandet "Poems for trio" skal han gje liv til nokre av dikta til Jens Bjørneboe. Dikt som spenner frå vare kjærleiksstemningar til beisk samfunnssatire. Programmet vart presentert under årets Nattjazz, og kritikkane var strålande.
"Poems for trio" består av musikarane Karl Seglem - sax og synth, Kåre Thomsen - gitar, og Ole Amund Gjersvik - bass. Dei tre har jobba saman i fleire år, og på haustparten -88 kom dei med sin fyrste CD. Musikken på denne plata ligg i grenselandet mellom folkemusikk og jazz, presentert i eit lyrisk tonespråk med klare norske overtonar, og dei fleste kritikarane var samstemde i at dette var kvalitet av fyrste klasse.

HOTELL VOSSEVANGEN,
SUNDAG KL 15.00

CHARTERTURAR

Turane omfattar busstransport t/r, overnatting og gjennomgangsbillett til Vossa Jazz.

***Frå Haugesund (via Ølen,Odda). Avreise fredag kl.13.00 frå Haugesund. Retur sundag etter konserten. Prisar frå kr. 1500.-. Kontakt Bennett Reisebureau, tlf.04-725211 eller Vossa Jazz.**

***Frå Leirvik,Stord, (via Os). Avreise fredag kl.13.15.**
Retur sundag etter konserten.Prisar frå kr. 1320.-
Kontakt Vossa Jazz tlf. 05-510055.

HEISKORTTILBOD

Mot framvising av gyldig billett til Vossa Jazz gjev Voss Ski- og Fjellheisar 15 % rabatt på heiskort. Skiheisane er opne frå kl.09.00-17.00.
Dagskort kr. 115.-, weekend kr.210.-

TINGINGSVERKET FRÅ 1985 NO PÅ KASSETT.

Tingingsverket "Fantasiar for eit miljø" av Bjørn Alterhaug er no tilgjengeleg på kassett. Medverkande er Voss Folkehøgskulekor,Fossegrimen, Voss Storband, Spiroketer, Herborg Bryn, Olav Dale, Ivar Kvåle og Einar Mjølsnes.
Til sals hjå musikkforretningane på Voss, bladet Hordaland, Voss Gåveforretning og hjå Vossa Jazz. Under festivalen vert kassetten og sjølvsagt å få kjøpt.

KR. 60,-

TINGING AV ROM GJENNOM VOSSA JAZZ, BOKS 223,5700 VOSS. ELLER TLF.05/510055

- Jazz og folkemusikk har faktisk den same energien

Arild Andersen er årets festivalkomponist. Urframføringa av verket "Sagn" skal gå føre seg i Voss Idrettshall laurdag 7.april. Norsk folkemusikk vil stå sentralt i bilete ved urframføringa.

Årets tingingsverk vert imøtesett med ekstra stor forventning. Komponist er bassisten Arild Andersen. Kirsten Bråten Berg, Nana Vasconcelos, Frode Alnæs, Bendik Hofseth og Bugge Wesseltoft skal saman med Arild framføra verket. Dei store forventningane let seg med andre ord forklara. Arild Andersen har arbeid med verket i fleire månader - på skisse- og idestadiet. "Sagn" er verket kalla, og allereie no kan ein vel tillata seg å røpa at musikken vil få eit sterkare folkemusikalsk tilsnitt enn enn det ein til vanleg forbind med Arild Andersen.

Folkemusikk er utgangspunkt for den vesle kveldspraten "Hordaland" hadde med komponisten.

-Korleis har ditt tilhøve til folkemusikk utvikla seg?

- Mitt musikalske utgangspunkt har vore den amerikanske jazzen, men som jazzmusikar er ein heile tida på leit etter nye innfallsvinklar til det improviserte, seier Arild, og slik har ein jo kome bort i ein del etnisk musikk, og eg har etterkvart oppdaga at norsk folkemusikk inneheld improvisatoriske element - sjølv om reglane her er noko annleis enn i jazzen.

- Har du hatt ein eller annan form for aha-oppleving i ditt møte med norsk folkemusikk?

-Ja faktisk! seier Arild. I 40-årsdagen til Steinar Ofsdal for 2-3 år sidan høyrde eg for første gong Kirsten Bråten Berg. Eg vart veldig fasinert av songen. Både intervallar og frasering var nytt for meg. Etter at ho var ferdig sat me og snakka saman, og eg spurde om ho kunne senda meg ein tape med av noko av materialet hennar. Nokon fekk nyss i det me hadde snakka om, og ei tid etter fekk me ein førespurnad frå Henry Notaker om å gjera noko for "Miks".

- Korleis har du arbeidd med Kirsten sitt materialet?

- Det var viktig for meg å unngå å laga 'jazzifisert' folkemusikk. Jan Johanssons "Jazz på svenska" er heilt ok på sine premissar, men for meg var det viktig å bearbeida stoffet på dei opprinnelege premissane, men likevel prøver eg 'å tøya materialet ein del".

- Har de fått repons frå folkemusikkmiljøet på det de gjorde i "Miks"?

- Kirsten fekk positive tilbakemeldingar, seier Arild, og det var verkeleg gledeleg.

- Korleis kjennest det å la dette stoffet vera så sentralt i tingingsverket?

- Eg føler til tider at eg har gjeve meg ut på djupt vatn, vedgår Arild,

Spekemat er festivalmat

Geitle

Nils Geitle a/s
Postboks 73, 5701 Voss
Tlf. (05) 51 12 50

Tradisjonsrik Vossamat

men jazzen og folkemusikken har ein slektsskap på det indre plan. Dei to musikkformene har ein slags lik energi - om ein kan seia det slik. Eg høyrer noko av det same i songen til Kirsten som i spelet til Miles.

Arilds første reaksjon på førespurnaden om å skriva årets tingingsverk var å stilla seg spørsmålet om kven han ville ha med seg til å framføra musikken. Ein slik invitasjon opnar trass alt mog-legheiter som ein ikkje får så ofte.

- Nana var den første eg spurde. Me har tidlegare snakka om at me gjerne ville prøva å gjera noko saman, og dette var eit godt høve, seier Arild, som også ganske tidleg bestemte seg for å ha med Frode Alnæs. Frode er så positiv til ulike musikkformer.

- Når kom Kirsten Bråten Berg inn i bilete?
- Eg snakka med Kirsten ganske tidleg, men sa at eg enno ikkje hadde bestemt meg definitivt for musikalsk retning på prosjektet. Når Kirsten blei invitert til å vera med, var eg på ein måte nådd ei ei avklaring. Etter dette kjende eg det slik at det ville vera rett å invitera norske musikarar med på konserten. Dei ville liksom kunna levera bidrag til konserten som eg var på leit etter.

- No knappe to månader før konserten er alt klappa og klart?
- Råmaterialet er nok klart, og eg har ein ide om ein slags overordna struktur, kjem det litt prøvande frå Arild, men framleis har eg idear oppe til vurdering - og forkasting.... Eg vil gjera ein konsert på ein og ein halv time. Så pass vid ramme må me gje oss når me først er samla. Kirsten har sendt meg ein del materiale, og eg har laga 10-11 musikkbitar som skal inngå i ein tredelt symfoni. Uff, det var eit litt pretensiøst ord, men likevel, det blir sjølvsagt ein fastare regi enn konsertar eg elles spelar. Det kompositoriske skal trass alt stå meir i fokus.

- Korleis blir forholdet mellom det arrangerte og det improviserte?
- Som eg sa, regien blir strammare, men eg håpar at det skal lata seg gjera å laga ei ramme og ein innstuderingsprosess som gjev rom for individuelle bidrag som blir ein organisk del av det komponerte.

Kirsten Bråten Berg, sølvsmed og songar frå Valle i Setesdal. Ho er mellom anna kjend frå folkemusikkgruppa Slinkombas. Ho har i den seinare tid hatt eit duosamarbeid med Arild Andersen. Ho tok også del på siste langspelplata til Øystein Sunde.

- Har du lang tid til innstudering?
- Det blir ikkje som mykje tid til prøvar med heile bandet, men Kirsten og Bugge (Wesseltoft) kjem hit til veka. Arbeidet med synth.-klangar er for så vidt nytt for meg. Det finnst liksom ein uendelegheit av moglegheiter. Det er viktig at Kirsten, Bugge og eg er samkøyrde før me går til fellesprøvar.

Laurdag 7.april har sikkert Arild og medmusikantane hans lagt alle brikker på plass. Då gjeld det å vera i **Idrettshallen - kl.17.00**

Nana Vasconcelos var sist på Vossa Jazz i 1987 med Jan Garbarek. I år er han med i Arild Andersen si gruppe.

VOSSA JAZZ 1990

KONSERTAR

Arild Andersen(foto Jørn H. Moen)

Av dei 4 konsertane Vossa Jazz presenterar er det store forventningar til årets tingingsverk av **Arild Andersen.** Med seg har han seg stjernelaget Nana Vasconcelos, Frode Alnæs, Kirsten Bråten Berg, Bendik Hofset og Bugge Wesseltoft. I tillegg vert **Bob Berg & Mike Stern Band**, ex. Miles Davis musikarar m/elektrisk band og **Steps Ahead,** av det mest spennande innanfor amerikansk fushion, å høyra. Oppfylgjar til fjorårets russiske suksess er **Arkhangelsk**, ein musikalsk og visuell happening av dei store. "En messe for Sovjetunionen" er tittelen på kyrkjekonserten der m.a. **Jørn Simen Øverli** syng viser av Vysotskji og **Juni Dahr** les russisk lyrikk.

FOLKEMUSIKKLUBB

Vossa Jazz har alltid prøvd å syna slektskapen mellom improvisert musikk og folkemusikk/etnisk musikk. Dette vil koma til uttrykk i tingingsverket og på Jarl laurdagskvelden. **Sigøynermusikk**, folkemusikk frå **Shetland** og **norsk folkemusikk** er noko av menyen. **Nils Økland** og **Gabriel Fliflet** leiar treffet, **Willy Hunter**(Shetland) og **Knut Hamre** er mellom gjestene.

GRATISKONSERTAR M.M.

Som tidlegare år vert det gratiskonsertar på Vangen og på Slettafjellet - sentrum for skiheisane. Her spelar gruppa **Jazzade**. Vidare skal **Arne Nøst**, jazzmusikar og teiknar i Dagbladet, ha separatutstilling i Voss Kunstlag.På Voss Kino vert filmen **"Bird"** vist, ein omdiskutert film om Charlie Parkers liv. **Vossa Jazz prisen** vert utdelt for 3.gong.

KLUBBAR

Papa Mu er ei ny og utvida utgåve av Son Mu med **Knut Kristiansen** og **Olav Dale** som musikalsk vertskap. Dei skal boltra seg på Fleischer´s to kveldar saman med 11 andre norske musikarar.Ei av jazzens grand old ladies **Betty Carter m/trio** kjem to kveldar på Vossevangen. Vossa Jazz skal og vidare presentera engelske **Andy Sheppard, Anne Grete Preus,** danske **Blast**, trioen **Alterhaug/Christensen/Stenson** og fleire.

Betty Carter (Foto R.Helgheim)

BORN

Tone Hulbækmo er ein av dei som skal gje borna eit tilbod. Fleire arrangement kjem til.

LITTERATURTREFF

Laurdag vert det litteraturtreff med forfattarnane **Merete Morken Andersen, Jon Fosse** og **Svein Jarvoll**. Tekstlesing og samtale med forfattarane omkring tekstane og det å skriva står på programmet. Vidare presenterar **Poems for trio** og skodespelaren **Frode Rasmussen** musikklyrikk.

BILLETTAR

For andre året sel Vossa Jazz billettar gjennom posten. Dette gjev det ganske land høve til å kjøpa billettar på ein lettvint måte, samstundes som det sparar festivalen for mykje administrasjon. Vossa Jazz held fram med si lågprislinje, og ein bør særskilt vurdera høve til å kjøpa **festivalpass** og **dagskort**(sjå eiga side om dette).

ARKANGELSK FRÅ ARKANGELSK

Skal ein karakterisere dei stilretningar som pregar musikken til den viltre gruppa frå Nord-Russland, er svaret nokså enkelt: Alle. Ja, alle. I alle høve om eg skal dømme etter det inntrykket eg sat att med etter konserten deira på bandets eigen festival i oktober som var. Skjeldan har eg høyrt eit orkester med større spennvidde i det musikalske materialet - frå avantgarde-jazz i djup ettertanke til parodisk avislesing på scena, frå nordrussisk folkesang til amerikansk liksom-ballroom, frå "ny musikk" til "La Cucaracha", frå gripande hornsoli til raljerande teater, frå .... og dette er berre fornamna.

Men Arkangelsk driv ikkje med stilblanding, dei stiller ulikt musikalsk arvegods saman. Skal eg framheva ein raud tråd i konseptet deira, måtte det vere energien, den ustoppelege livskrafta hjå desse sju russiske "nordlendingane".
Gruppa Arkangelsk dukka opp på heimemarknaden i 1972, i Leningrad, og har sidan vore mykje etterspurd på dei talrike jazzfestivalane rundt i Sovjetunionen. Dei har turnert i Ungarn, Tyskland, Sveits og Bulgaria og tatt del i Jazz Jamboree i Warszawa (1988). Dessutan er dei kjende for ein del av det vesteuropeiske publikum gjennom eit dobbeltalbum ("Arkangelsk") utgjeve på Leo Records i Storbritannia, noko som har ført til at dei er blitt "oppdaga" i den internasjonale jazzverda. Heime i Sovjetunionen blei Arkangelsk vald til årets jazzgruppe 1988 av kritikarane.
Ildsjelene i gruppa er leiar og altsaksofonist Vladimir Rezitskij og brettspelar Vladimir Turov, ildsjeler og i den forstand at dei har fått på beina ein respektabel årleg festival der oppe under Nordpolen. Og kvifor akkkurat der? "Jau," seier Rezitskkkij, "Arkangelsk har alltid vore ein sjøfartsby, og sjøfolka kom heim med dei utrulegeaste plater frå vesten, og dette har sjølvsagt prega mi musikkoppfatning." Likevel er det heimlege tonar og tradisjonar, ja heile den kulturelle omgivnaden i Russland, som mest markant skil gruppa frå alle andre band eg har høyrt. Midt oppi heile konglomeratet av all verdas musikk er det noko umiskjenneleg russisk, ja kanskje beint fram nordrussisk, i alt dei gjer.
Vossa Jazz presenterer sjølvsagt Arkangelsk for første gong i Skandinavia, men alt no er det forhandlingar i gang om fleire konsertar i Nord-Noreg. "Nordmennene og vi har jo alltid vore grannar," seier Turov. "Mellom anna difor gler vi oss særskilt til å spela nettopp i Noreg." Og nikkar fortruleg til Vossa Jazz-skjorta mi der vi står og ser utover Kvitesjøen.

Isak Rogde

IDRETTSHALLEN
LAURDAG KL. 19.30

PROGRAM 1990

FREDAG 6.APRIL:

		Prisar: *	Forestillingskode:
19.00	Idrettshallen BOB BERG & MIKE STERN BAND	145.-kr.	VIH0604
21.30	Hotell Vossevangen BETTY CARTER TRIO	120.-kr.	VVH0604
21.30	Park/pentagon BLAST	120.-kr.	VPP0604
21.30	Fleischers PAPA MU	120.-kr.	VFH0604
NATTKLUBBAR	**FELLES BILLETT:**	180.-kr.	VNK0604
23.00	Park/stationen ALTERHAUG/CHRISTENSEN/STENSON		
01.00	Hotell Vossevangen ANDY SHEPPARD QUINTET		
01.30	Park/pentagon HATUEY		

LAURDAG 7.APRIL:

14.00	Hotell Vossevangen LITTERATURTREFF: MERETE MORKEN ANDERSEN/JON FOSSE/SVEIN JARVOLL	55.-kr.	VVH07041
15.00	Voss Gymnas BARNEARR: LANGT NORD I SKOGEN TONE HULBÆKMO M.FL.	35.-kr.	VGY0704
17.00	Idrettshallen ARILD ANDERSEN GROUP	120.-kr.	VIH07041
19.30	Idrettshallen ARKHANGELSK	120.-kr.	VIH07042
21.30	Hotell Vossevangen BETTY CARTER TRIO	120.-kr.	VVH07042
21.30	Hotel Jarl FOLKEMUSIKKLUBB: ØKLAND/FLIFLET/ HAMRE/OPHEIM/HUNTER /BREKKHUS M.FL.	120.-kr.	VHJ0704
21.30	Park/pentagon BLAST	120-kr.	VPP0704
21.30	Fleischers PAPA MU	120.-kr.	VFH0704
NATTKLUBBAR	**FELLES BILLETT:**	180.-kr.	VNK0704
23.00	Park/stationen ALTERHAUG/CHRISTENSEN/STENSON		
01.00	Hotell Vossevangen ANDY SHEPPARD QUINTET		
01.30	Park/pentagon HATUEY		

SUNDAG 8.APRIL:

15.00	Hotell Vossevangen POEMS FOR TRIO/ FRODE RASMUSSEN	55.-kr.	VVH0804
17.00	Voss Kyrkje "EN MESSE FOR SOVJETUNIONEN" ØVERLI/DAHR/LAPINSKI M/ KOR	120.-kr.	VKY0804
19.00	Idrettshallen STEPS AHEAD	145.-kr.	VIH0804
21.00	Fleischers ANNE GRETE PREUS	120.-kr.	VFH0804
22.00	Park/pentagon ALMOST BROTHERS BAND M/FRODE ALNÆS	120.-kr.	VPP0804

*** Inkl. i prisane er ekspedisjonsgebyr til posten på kr.5.-. Festivalpass og dagskort - sjå neste side**

'84-suksessen - Steps Ahead

Steps Ahead : (f.v.) Bendik, Adam Salkeld (no erstatta av Jimi Tunnell), Rachel Z, Mike Mainieri, Tony Levin (no erstatta med Jeff Andrews) og Steve Smith.

Steps Ahead-konserten på Vossa Jazz i 1984 var for mange festivalens absolutte høgdepunkt. Med Michael Brecker, Eddie Gomez, Peter Erskine og Mike Mainieri i besetninga var Steps Ahead eit all-star band. Steps Ahead har i alle år vore Mainieris band. Slik er det også med 1990-utgåva av bandet. Den musikalske filosofien er framleis den same, og framleis står Steps Ahead som eit av dei mest interessante banda i grenselandet mellom den elektriske og den akustiske jazzen. I tillegg til å vera eit sterkt orkester reint solistisk, har Steps Ahead alltid vore kjent for å ha eit spanande repertoar.

Mike Mainieri vart fødd i Bronx i 1938. Han er av jødisk-italiensk avstamming og vaks opp i ein familie av vaudeville-artistar. Mainieri starta såleis si kunstnarkarriere i barneåra som stepdansar. Som 17-åring innleidde han eit samarbeid med Buddy Rich som varte i 7 år.

På slutten av 60-talet byrja Mainieri si musikalske nyorientering. Jazz, rock og etnisk musikk inngjekk i det nye musikalske uttrykket som manifesterte seg i repertoaret til det jamprega storbandet White Elephant. I denne perioden byrja også Mainieri å interessera seg for plateproduksjon, og etter kvart vart Mainieri ein av dei mest nytta studiomusikarane og plateprodusentane innan amerikansk populærmusikk. Artistar som Paul Simon, Dire Straits, Billy Joel og George Benson har alle drege nytte av Mainieris mangfaldige talent.

Steps Ahead blei danna i 1979 som eit slags "hobbyband" utan pretensjonar utover det at musikarane som kom saman, ynskte å spela med kvarandre. Representantar for det japanske plateselskapet Nippon Columbia høyrde bandet på ein av klubbjobbane på Seventh Avenue South, og dermed starta snøballen å rulla. Sidan første LP'en "Smokin' in the pit" har det blitt 6 LP'ar til. Den siste "N.Y.C." kom i fjor, og var den første med Steps Ahead med ny besetning.

Med i Steps Ahead til Vossa Jazz i år kjem nordmannen Bendik Hofseth. Han skulle vel ikkje trengja nærare presentasjon. Det kan likevel vera verd å merkja seg at han er i ferd med å bruka sitt mangslungne talent til å skapa si solokarriere. Det vil venteleg om kort tid koma ei plate i Bendik sitt namn på den amerikanske marknaden. Der vil ein møta komponisten, tekstforfattaren og vokalisten Bendik.

Bassist i bandet er Jeff Andrews. Han alternerer for tida mellom Steps Ahead og Mike Brecker band. Han er tydeleg vis ein av dei mest etterspurde el-bassitar på marknaden for tida.

Steve Smith,trommer, er som mange unge musikarar, tidlegare Berklee-elev. Han har allereie spelt saman med så pass ulike musikarar som Jean- Luc Ponty, Randy Brecker og Ahmad Jamal. Smith har også sitt eige band Vital Information (noko som slett ikkje kan relaterast til ein herverande hovudsponsor).

Gitarist Jimi Tunnell har musikkutdanning frå North Texas State University. Tunnell har tidlegare arbeidd sman med Arcadia, Malcom Laren, Southside Johnny og David Frank.

Rachel Z blir rekna som eit av dei store keyboardtalenta. Med framifrå teknikk og velutvikla improvisatoriske evner har ho allereie greidd å skapa seg eit namn som er mykje etterspurd i musikarkretsar. Rachel Z har samarbeidd med Pat Metheny, Randy Brecker, Lyle Mays og Miroslav Vitous.

IDRETTSHALLEN
SUNDAG KL. 19.00

BILLETTAR VOSSA JAZZ

FESTIVAL PASS

Du har tilgang til alle arr. under festivalen
Du møter ikkje skiltet "Diverre fullt"
Du får bill. ferdig på posten
Du må ta bilde med deg til posten

850.-*

	Fore.st.kode
Festivalpass	VFP0604

DAGS KORT

Du kjem inn på alle arr. den aktuelle dagen
Du møter ikkje skiltet "Diverre fullt"
Billetten du kjøper på posten, må bytast til eit adgangsteikn på festivalkontoret på Hotell Vossevangen.

FRE/LAUR
325.-*
SUNDAG
305.-*

	Fore.st.kode
Dagskort fre	VDK0604
Dagskort lau	VDK0704
Dagskort sun	VDK0804

Med festivalpass og dagskort kan du fritt gå i mellom dei dei ulike arrangmenta/klubbane. Ved kjøp av festivalpasset får du tilgang til omlag 25 tilskipingar med ein snittpris på under 40,-kr. Dagskorta gjev tilgang til 6-10 tilskipingar med ein snittpris på 40,- - 50,- kr. pr. tilskiping.
I år har og ein forbetra systemet med kortadministrasjonen.

ENKELT-BILLETT

Du kan kjøpa enkeltbillett til alle arrangement gjennom Posten
Sjå motståande side

Du kan kjøpa billettar til Vossa Jazz på meir enn 520 postkontor. Dersom du bur i nærleiken av eit postkontor som ikkje har denne tenesta, kan du ringja inn tinging til Voss postkontor på 05/51 11 14.
Billettsalet til Vossa Jazz tek til 5.februar.

***Inkludert i prisane er eit ekspedisjonsgebyr for enkeltbillett og dagskort på kr.5,- , for festivalpass (inkl.plastlomme) kr.30,-**

Med atterhald om programendringar. Kjøpte billettar vert ikkje refunderte. Endringar i programmet vert annonsert i dagspressa.

VT

TIL STEDE DER DET SKJER

Smalahoveleverandør

til

VOSSA JAZZ

Feitle

Tradisjonsrik Vossamat

Postboks 73 - 5701 Voss - Tlf. 05/51 12 50

ARTISTAR VOSSA JAZZ 1990

BOB BERG & MIKE STERN BAND
Bob Berg-saks
Mike Stern-gitar
Lincoln Goines-bass
Dennis Chambers-trommer

BETTY CARTER & TRIO
Betty Carter-vokal
Marc Cary-piano
Tarus Dorsey Kinch-bass
Troy Davis-trommer

ANDY SHEPPARD QUINTET
Andy Sheppard-saks
Dave Buxton-tang.instr.
Pete Maxfield-bass
Simon Gore-trommer
Mamadi Kamara-perkusjon

ALTERHAUG TRIO
Bobo Stenson-piano
Bjørn Alterhaug-bass
John Christensen-trommer

BLAST
Lise Dandanell-vokal
Bjarne Thanning-trombone
Kenneth Jensen-trompet
Peter Rasted-trompet
Niels Macholm-saks
Ole Himmelstrup-saks
Jakob Olsen-gitar
Jørgen Kaufmann-tang.instr.
Lars Elsving-bass
Niels Ratzer-trommer
Peter Busenborg-vokal
Søren Lauenberg-vokal

LANGT NORD I SKOGEN - BARNEARRANGMENT
Tone Hulbækmo
Hans Petter Jacobsen
Celio De Carvalho

PAPA MU
Knut Kristiansen-tang.instr.
Arild Seim-gitar
Sveinung Hovensjø-bass
Ole Hamre-trommer
Celio De Carvalho-perkusjon
Olav Dale-saks
Tore Brunborg-saks
Vidar Johansen-saks
Svein Gjermundrød-trompet
Per Jørgensen-trompet
Roy Nicolaysen-trompet
Vidar Ytre-Arne-fiolin
Gunnar Bjelland-tang.instr.

ARKHANGELSK
Vladimir Rezitskij-saks
Vladimir Turov-tang.instr/trp.
Oleg Udanov-trommer
Nikolaj Udanov-perkusjon
Nikolaj Klishin-bass, tuba, fiolin
Konstantin Sedovin-vokal
Nikolaj Kovaliev-gitar

FOLKEMUSIKKLUBB
Gabriel Fliflet-trekkspel
Nils Økland-fiolin/hardingfele
Willie Hunter-fiolin
Olav Tveitane-bass/gitar/cister
Margreta Opheim-vokal
Knut Hamre-hardingefele
Ingebjørg Hamre-hardingfele
Stein Inge Brækhus-trommer
Tore Jamne-trommer

HATUEY
Mats Lundvall-tang.instr.
Stefan Grahn-saks
Hans-Gøran Johansson-trompet
Bjørn Meyer-bass
Francisco Ginard-trommer
Eva Svensson-perkusjon
Lasse Bergstrøm-perkusjon

ARILD ANDERSEN GROUP
Arild Andersen-bass
Kirsten Bråthen Berg-vokal
Bendik Hofseth-saks
Bugge Wesseltoft-tang.instr.
Frode Alnæs-gitar
Nana Vasconcelos-perkusjon

STEPS AHEAD
Mike Mainieri-vibrafon
Bendik Hofseth-saks
Jimmi Tunnell-gitar/vokal
Rachel Z-piano
Jeff Andrews-bass
Steve Smith-trommer

ANNE GRETE PREUS
Anne Grete Preus-vokal/gitar
Ole-Henrik Giørtz-tang.instr.
Eivind Årseth-gitar
Nils Petter Molvær-trompet
Bjørn Kjellemyr-bass
Paolo Vinaccia-trommer

KYRKJERKONSERT
Jørn Simen Øverli-vokal,gitar
Zbigniew Lapinski-klaver,arr.
Juni Dahr-opplesing
Kor

ALMOST BROTHERS BAND
Big T. -vokal.git.
Freddie Johnson-gitar
Olav Dale-saks
Yngve Moe-bass
Willy Korneliussen-trommer
+Frode Alnæs-gjestesolist, git.

POEMS FOR TRIO
Kåre Thomsen-gitar
Karl Seglem-saks
Ole Amund Gjersvik-bass
Frode Rasmussen-resitasjon

Frå Son - til Papa Mu:

LATIN-AMERIKANSK FESTFYRVERKERI

Son Mu på Vossa Jazz i 1985 saman med Paquito de Rivera i eit legendarisk samspel som pågjekk i tre kveldar til ende.

Salsa og afro/latin jazz har i fleire år vore kjende og kjære omgrep for Vossa Jazz-publikumet, og heller ikkje i år vil me skuffa elskarane av slik musikk. Snarare tvert om; sjeldan har ein vel fått meir for pengane enn i år!

Son Mu har lenge vore kjent som det store norske salsabandet. No har frontfigurane Knut Kristiansen og Olav Dale gått saman om ei vidareutvikling innan denne genren. Med utgangspunkt i Son Mu har dei to bygt opp eit storband av toppmusikarar frå heile landet, som til saman utgjer bandet Papa Mu.

Medan Son Mu gjerne tok utgangspunkt i cubansk musikktradisjon, har dette nye ensemblet orientert seg meir i retning brasiliansk rytmikk og tonespråk. Og her har ikkje minst perkusjonisten Celio De Carvahlo, fødd og oppvaksen i Rio de Janeiro, hatt avgjerande innverknad.

Papa Mu er meint å verta noko meir enn eit eingongs festivalfenomen. Både Knut Kristiansen (KK) og Olav Dale har lenge sysla med tanken om å etablera eit meir eller mindre fast regionalt jazzensemble med utgangspunkt i Bergen, og basert på profesjonelle musikarar frå Vestlandet. Slik samansetninga av Papa Mu er i dag, kjem musikarane frå mange kantar av landet, men meininga er etter kvart å få inn musikarar frå vest på dei ulike instrumenta.

For den røynde festivalgjengar vil ikkje musikarkonstellasjonen i Papa Mu vera heilt ny. Som mange vil hugsa stod KK bak prosjektet Monk Memorial Orchestra under Kongsbergfestivalen i 1987 og Nattjazzen året etter. Og det er med utgangspunkt i dei same musikarane KK no har sett saman Papa Mu. Han har skrive musikken og gjort arrangementa, medan Olav Dale har stått for organiseringa av arbeidet med ensemblet.

Musikarar i Papa Mu er: Knut Kristiansen - tang.instr., Arild Seim - gitar, Sveinung Hovensjø - bass, Ole Hamre - trommer, Celio De Carvalho - perk., Olav Dale - sax, Vidar Johansen - sax, Tore Brunborg - sax, Svein Gjermundrød - trompet, Per Jørgensen - trompet, Roy Nicolaysen - trompet, Vidar Ytre-Arne - fiolin, Gunnar Bjelland - tang.instr..

FLEISCHER'S FREDAG OG LAURDAG KL 21.30

Kort om artistane:

Bob Berg/Mike Stern Band - stjernelag innan amerikansk fusion. Båe leiarane har fartstid med Miles Davis. Samspelet er tett og dynamisk. Trommevirtousen Dennis Chambers er kjent frå John Scofield group, medan bassist Lincoln Goines er eit heller ubeskrive blad som heilt sikkert vil vekkja oppsikt.

Steps Ahead var på Vossa Jazz i 1985. Etter den tid har m.a. Mike Brecker gått ut av gruppa og inn har nordmannen Bendik Hofseth kome. Både kvaliteten på repertoaret og solistane har alltid plassert Steps Ahead i fusionmusikkens 1.divisjon.
Arild Andersen er valt ut til festivalkomponist. Tittelen på verket som skal framførast er "Sagn". Andersen har teke utgangspunkt i tangeringspunkta mellom jazz og folkemusikk, og med seg til å framføra verket har han fått eit sjeldant sterkt lag av norske og utanlandske musikarar.

Papa Mu er eit nytt utviklingssteg i Knut Kristiansen og Olav Dales mangeårige arbeid med etnisk basert jazz. Impulsar har tidlegare vorte henta både frå Vest-Afrika og dei Vest-Indiske øyane. Med Papa Mu har dei orientert seg meir mot sider ved brasiliansk musikktradisjon. Papa Mu er så avgjort den store ...skapinga innan jazzen i vår landsdel.
...rkhangelsk er sovjetisk glasnost på sitt beste. Musikk og teater blir blanda til ein stimulerande oppleving både for auga og øyret. Garantert ein av dei store sensasjonane ved årets festival.

Andy Sheppard er truleg den mest interessante musikaren i den bølgja av unge engelske jazzmusikarar som har dukka opp i dei seinare åra. I tillegg til å fylla den klassiske solistrollen innan jazzen prioriterer Sheppard den kollektive sida ved det musikalske uttrykket.
Betty Carter er idag ein av verdas leiande jazzvokalistar. Ho er solid forankra i bop-tradisjonen, og har på dette grunnlaget skapt eit særeige og heilt personleg uttrykk. Betty Carter er kjent som ein musikar som ikkje flørtar med kommersielle innfallsviklar til musikken.

Hansa

Andy Sheppard - sjølvlært supersaxofonist

I ei tid der dei aller fleste jazzmusikarar stiller med ei solid fag-utdanning som ballast, kan det vera befriande å låna øyra til ein musikar som har lært seg alle knepa på "gamlemåten". Den engelske supersaxofonisten Andy Sheppard er ein slik fyr, og trass i sin relativt unge alder er han i dag det heitaste namnet innan engelsk jazz.

19 år gammal høyrde Andy Sheppard for fyrste gong ei innspeling med John Coltrane, og dette førte til ei total omveltning for den unge musikaren. Tidlegare hadde Sheppard sysla med fløyte og gitar, men frå no av var det berre saxofonen som opptok han, og i løpet av utruleg kort tid stod han fram som tenorsaxofonist.
På dei ti åra som har gått har Andy Sheppard utvikla seg til å verta ein saxofonist, komponist og bandleiar heilt utanom det vanlege.
Etter ein periode med mainstream og bop, tok Sheppard steget over til arbeid med frijazz. Noko av det som særmerkjer Sheppard er hans evner til å tilpassa seg nye stilretningar og gjera desse til sine. Som tenorsaxofonist var Sheppard med på to plateinnspelingar saman med Geoff Williams sin kvartett, Sphere, og under eit to års opphald i Paris var han med på ei storbandinspeling saman med Laurent Cugny. På denne tida utvida Sheppard "instrumentgarderoben" til også å omfatta sopransax.

I 1987 skaut karrieren til Sheppard verkeleg fart. Plata "Andy Sheppard" hausta strålande kritikkar, og Sheppard vart kåra til "Årets nykommar" av British Jazz Awards.

Dei siste to åra har Sheppard stort sett brukt til å turnera Europa på kryss og tvers. Likevel har han hatt tid til å spela inn ei ny plate; "Introductions in the dark", ei plate som vart kåra til "årets jazzplate" på dei britiske øyane i fjor. Sheppard vart også kåra til "Best Instrumentalist of the Year" av British Jazz Awards i 1988.



Andy Sheppard - kanskje den mest lovande av dei mange unge engelske saksofonistane som har dukka opp i løpet av 80-åra.

Med i Andy Sheppard Quintet er også: Dave Buxton -tangentinstr., Pete Maxfield - bass, Simon Gore - trommer, Mamadi Kamara - perkusjon.

HOTELL VOSSEVANGEN, FREDAG OG LAURDAG KL.01.00

For oppdatert festivalinfo - sjå etter våre VITAL(E) plakatbukkar plassert på hotella og i idrettshallen.

FESTIVALHOTELLET

HOTELL
VOSSEVANGEN

N-5701 VOSS, NORWAY

Her finn du adm.kontor/ pressesenter

Stjerner som

Jan Garbarek
Wayne Shorter
Robert Cray
Lee Ritenour
Gary Burton
Philip Caterine

er mellom dei som har funne seg til rette på hotellets

75 velutstyrde rom

Betty Carter - endeleg til Vossa Jazz

"I always tell my musicians that they must put themselves into the music, never hold back." Betty Carter har ikkje berre gjeve sine medmusikantar eit godt råd, ho har levd etter denne regelen i heile sin 40-årige profesjonelle karriere som jazz-songar. Betty Carter (f.16.05.30) høyrer så absolutt til jazzvokalens stjerneliga. Berre Ella og Sarah i toppslag kan gjera Betty Carter rangen stridig.
Betty Carter har likevel ikkje opplevd den same kommersielle suksessen som sine to kollegaer. Dette har truleg samanheng med Betty Carter sin standhaftige kamp mot å lata seg kommersialisera.

Betty Carter vaks opp i Detroit der ho fekk høve til å sitja inn med bebopen store stjerner som td. Dizzy Gillespie, Charlie Parker, Max Roach og Miles Davis. I 1948 blei Betty Carter medlem i Lionel Hamptons orkester. Tidleg på 50-talet flytte Betty Carter til New York og byrja her for alvor si profesjonelle karriere. Tidleg på 60-talet samarbeidd ho med Ray Charles både på plate og på turne. Betty Carter har alltid vore kompromisslaus i sin kunst. På slutten av 60-talet kjende ho det slik at det ikkje let seg gjera å utvikla seg som kunstnar innanfor dei rammene dei etablerte plateselskapa opererte med. Pengar vart målestokken på alt dei føretok seg. Betty Carter sitt svar på dette var å danna sitt eige plateselskap Bet-Car Productions.
I over 20 år har Betty Carter arbeidd med eigen trio, og ganske mange unge, lovande musikarar har gått ein god skule i hennar trio. Betty Carter har vore trugen mot sine musikalske røter. Hennar kunstnarleg prosjekt har i alle år gått ut på å utvikla jazzvokaltradisjonen innanfor ei bopramme.
Betty Carter har like til det siste levd i skuggen av sine meir kjende kollegaer Ella Fitzgerald og Sarah Vaughan, men i den seinare tid har platene hennar fått stor merksemd, og pr. dato har Betty Carter opptredd på bortimot alle dei jazzfestivalane det er verd å opptre på - bortsett frå Vossa Jazz.

Betty Carter har sunge på mest alle betydelege festivalar i USA, Japan og Europa.

HOTELL VOSSEVANGEN
FRE. OG LAUR. KL.21.30

Dr.Bekken:

Trøndersk boogie woogie

Tor Einar Bekken er eit ukjent namn for jazz-folk flest. I Trondheim har han likevel opparbeidd seg eit namn som pianoentertainer i boogie woogie-tradisjonen. Kunstnarnamnet Dr. Bekken knyter an til den lett ironiserande tradisjonen innan amerikansk pianounderhaldning å bruka den akademisk pompøse doktortittelen. (jfr. Dr.Feelgood alias Willy Perryman). Dr. Bekken har elles låtar gjort kjent av Dr.Feelgood på repertoaret, m.a. Leroy Carrs låt "How long" og Chris Kenners "Sick and tired". Dr. Bekken har ei skikkeleg ru og rå røyst som høver godt til det aggresive pianospelet.

PIANISSIMO/PARK
FRE,LAUR,SUN.
TIDSPUNKT - SJÅ OPPSLAG



Nøkkelen til noen fine dager på Voss!

Sentral beliggenhet
Badebasseng — badstu
Kurs- og konferansesaler
Pub — diskotek ...
og et hyggelig miljø
der du
FØLER DEG VELKOMMEN

HOTEL JARL

Tlf. 51 19 33 — 5700 Voss

Billettsal

Under festivalen vert billettar å få kjøpa på:

Voss Postkontor:

Fredag 6.april kl.8.30-19.00
Laurdag 7.april kl.8.30-15.00

Festivalkontoret på Hotell Vossevangen:

Fredag 6.april kl.11.00-22.00
Laurdag 7.april kl.11.00-22.00
Sundag 8.april kl.11.00-22.00

Vossa Jazz-effektar

I resepsjonsområdet på Hotell Vossevangen vil Vossa Jazz ha salsbua si. Her kan festivalpublikummet få kjøpa t-skjorter, postkort, festivalplakatar, program og klistremerke. T-skjortene i år finst i tre utgåver - ei med 1990-plakaten i fargetrykk, ei kvit skjorte med svart trykk og ei svart skjorte med kvitt trykk. Dei to sistnemnde skjortene har den særmerkte Vossa Jazz-logoen på brystet. Visste du forresten at logoen vart laga i 1977 av biletkunstnaren Sveinung Iversen?

Dei fem siste festivalplakatane - alle laga av biletkunstnaren Ivar Vatne - er trykt opp som postkort. Desse kan ein kjøpa samla.

Også i Idrettshallen og på klubbane vil ein kunna kjøpa eit utval av desse effektane.

VITAL informasjon

Rundt omkring på dei ulike festivalarenane vil ein finna Vossa Jazz sin vitale informasjon. Frå tid til anna kan det skje endringar i oppsett program, eller tilskiparen vil gjera kjent påhitt av meir improvisert karakter. I slike tilfelle vil Vital-mannen SPRETTLEIF bera fram ferske meldingar frå festivalleiinga. Følg med. Følg med.....

Gjete kongens harer

Teaterstykket er ei modernisering av folkeeventyret Gjete kongens harer. Teaterstykket er skrive av Peder Cappelen og musikken er komponert av Ruth Anita Hundvin. Ruth Anita Hundvin er lærar på Voss Ungdomsskule. I tillegg er ho aktiv som teater- og revyinstruktør. Ho har vore instruktør for dei to siste russerevyane, og i fjor var ho drivkrafta bak oppsetjinga av Manndattera og kjerringdattera (også eit stykke skrive av Cappelen med musikk av Hundvin).

Båe oppsetjingane er framført av dramagruppa ved Voss Ungdomsskule. Elevane har i den seinare tid lagt ned mykje arbeid i oppsetjinga Gjete kongens harer, og resultatet av dette arbeidet får mange skuleelevar og førskuleborn oppleva i dagane før og under Vossa Jazz. For ei komplett oppsejingsliste - sjå motståande side.

Fotoservice

Vossa Jazz har eigne festivalfotografar. Pressefolk kan etter nærare avtale med PR-avdelinga få kjøpa bilete frå denne tenesta. Også publikum kan tinga bilete frå Vossa Jazz sin fotoservice. PR-avdelinga er å finna i dei indre salongane på Hotell Vossevangen. Ein gjer merksam på at pressa har førsterett til dei kopiane som ligg føre kvar føremiddag festivalen i gjennom.

Voss Svakström A-S

Autorisert forhandlar av
radio- og telekommunikasjonsutstyr

5700 VOSS Tlf: 05-51 34 44

"VinterPark"

★★★★★★
PENTAGON
★★★★★★
det beste danse-sted mellom øst og vest. **Elysée** fransk-inspirert restaurant. **Pianissimo** piano-bar med internasjonale entertainere. **Park De Luxe** en hel etasje med store dobbeltrom og suiter. **Plenum** ny-innredet konferanseavdeling. CAFÉ **STATIONEN** trendy café med jernbane-miljø.

Kontakt oss eller reisebyrået ditt allerede nå for vinteroppholdet, enten det nå gjelder weekend, kurs/konferanser eller vinterferie. Det kan lønne seg. Vi vet at "VinterPark" blir populært! Tlf. (05) 51 13 22

Park Hotel

NYE PARK HOTEL VOSS

FRA 15 MYRES LINTAS BERGEN

PROGRAM 1990

Onsdag 4. april

09.00 Evanger skule	GJETE KONGENS HARER
13.00 Oppheim skule	GJETE KONGENS HARER

Fredag 6. april

12.00 Voss Kino	GJETE KONGENS HARER
13.15 Voss Kino	GJETE KONGENS HARER
17.30-19.00 Voss Kunstlag	OPNING UTSTILLING ARNE NØST
19.00 Idrettshallen	UTDELING AV VOSSA JAZZ-PRISEN
19.00 Idrettshallen	MIKE STERN & BOB BERG BAND
21.30 Vossevangen	BETTY CARTER AND HER TRIO
21.30 Park/pentagon	BLAST
21.30 Fleischers	PAPA MU
Nattklubbar	
23.00 Park/Cafe Stationen	ALTERHAUG/CHRISTENSEN/STENSON
01.00 Vossevangen	ANDY SHEPPARD QUINTET
01.30 Park/pentagon	HATUEY

Laurdag 7. april

12.00 Hestvangen	JAZZADE gratiskonsert
12.00-17.00 Voss Kunstlag	UTSTILLING ARNE NØST
14.00 Vossevangen	LITTERATURTREFF JON FOSSE/MERETE MORKEN ANDERSEN/ SVEIN JARVOLL/ B.STENSSON (piano)
15.00 Voss Ungdomshall	T. HULBÆKMO/ H.F. JACOBSEN/ C.DE CARVALHO Langt nord i skogen
17.00 Idrettshallen	ARILD ANDERSENENS GROUP urframføring tingingsverket-SAGN
19.30 Idrettshallen	ARKHANGELSK
21.30 Vossevangen	BETTY CARTER AND HER TRIO
21.30 Hotel Jarl	FOLKEMUSIKKLUBB ØKLAND/ FLIFLET/ HAMRE/ HUNTER M.FL.
21.30 Park/pentagon	BLAST
21.30 Fleischers	PAPA MU
Nattklubbar	
23.00 Park/stationen	ALTERHAUG/CHRISTENSEN/STENSON
01.00 Vossevangen	ANDY SHEPPARD QUINTET
01.30 Park/pentagon	HATUEY

Sundag 8. april

13.00 Voss Kino	BIRD
13.00 Storastova (Slettafjellet)	JAZZADE gratiskonsert
14.00-19.00 Voss Kunstlag	UTSTILLING ARNE NØST
15.00 Vossevangen	POEMS FOR TRIO/FRODE RASMUSSEN
17.00 Kyrkja	"EN MESSE FOR SOVJETUNIONEN" ØVERLI/DAHR/SOSIALISTISK KOR
19.00 Idrettshallen	STEPS AHEAD
21.00 Fleischers	ANNE GRETE PREUS (Musikken startar kl.22.30)
22.00 Park/pentagon	ALMOST BROTHERS BAND M/FRODE ALNÆS

Vossa Jazz tek atterhald om programendringar. Sjå på festivalen sine informasjonstavler for eventuelle endringar. Kjøpte billettar vert ikkje refunderte.

Opplev

"FLEISCHER´S **NYE** AFTER SKI"

hver dag kl. 15.00-18.00

- ☆ **musikk**
- ☆ **underholdning**
- ☆ **østerikske spesialiteter**

NB! HVER LØRDAG:

- ☆ **"Happening"**
- ☆ **Egen After Ski vert**

1889 1989
Fleischer's Hotel
100

Mannen bak/på plakaten

Ivar Vatne, født 1944 i Sandnes, har laga plakatane til Vossa Jazz dei siste fem åra. Saman med elevar frå dekoratørlinja ved Voss Yrkesskule (Vatle) har han og utforma dekor til scenane våre. Dei forstørra utgåvene av årets plakat er trykt i samarbeid med Bergmann Trykkeri i Bergen.

Sjølvlært kunstnar

Som biletkunstnar er Ivar Vatne sjølvlært. Han har vore organisert og yrkesaktiv sidan 1972, same året som han debuterte på Statens Kunstutstilling. Sidan den tid har han vore representert både på denne utstillinga og andre kollektive kunstmønstringar som Vestlandsutstillinga, Sørlandsutstillinga, UKS Vårutstilling, Nordkalottutstillinga, presentasjonar av NNBK og Nordnorsken, ved den siste og som medlem av juryen.

Oppgåver i nord

Ivar Vatne har hatt utsmykkingsoppgåver i Nord-Noreg, er innkjøpt av så vel Nordnorsk- som Norsk Kulturråd, kulturforeningane i Bodø og Tromsø, sjukehusa i dei same byane og Universitetet i Tromsø. Han har hatt statlege material- og etableringsstipend samt Troms fylkes Kulturstipend.

Språk og musikk

Ivar Vatne tok lærarprøva ved Tromsø Lærarskule i 1979 og har i tillegg utdanning frå Universitetet i Bergen. Han er no busett på Bolstadøyri og underviser i musikk og framandspråk ved Voss Ungdomsskule. Dessutan har han undervist i gitar ved Voss kommunale musikkskule og i fleire år var Ivar Vatne musikalsk leiar i Voss Storband. Og sist men ikkje minst, han er,og har i fleire år vore med i artistnemnda i Vossa Jazz.

Frå plakat til postkort

Her har du dei fem plakatane Ivar Vatne har laga for Vossa Jazz, fem år på rad - i postkortformat. Og nettopp som ein postkortserie vert desse plakatane no å få kjøpt rundt om på festivalen.

Prisen for heile serien er kr. 20,-

Ivar Vatne, mannen bak dei fem Vossa Jazz-plakatane frå 1986 til 1990.

Jazzteiknaren Arne Nøst stiller ut på Vossa Jazz

Også i år har Vossa Jazz i samarbeid med Voss Kunstlag fått i stand ei festivalutstilling i kunstlaget sine lokaler på Hestavangen. Og kunstnaren i år er:

Jazzteiknaren Arne Nøst, kjend frå sin strek på kultursidene i Dagbladet, ustillingar på Kongsbergfestivalen, Moldefestivalen, plakatar og illustrasjonar for andre musikalske arrangement. Han har og med stort hell stått for scenografien under Moldefestivalen fleire år på rad.

Arne Nøst er fødd og vaks opp i Molde. Etter gymnaset i heimbyen byrja han på Kunstakademiet i Trondheim. Der fekk han mellom anna gjennom Ove Stokkstad sine arbeid augene opp for kombinasjonen musikk-biletkunst. Deretter flytte han til Oslo og Kunstakademiet der.

Frå å ha starta som nærmast rein teiknar vart det no meir og meir måleri. Og meir og meri gjekk det heile ut på å finna felles eigenskapar i musikk og måleri.

Her er det kanskje på sin plass å minna om at han faktisk beherskar begge displinar, kvar for seg. I ulike samanhengar har han stilt opp som fløytist/saksofonist. Bandet Etcetra og plateprosjektet Lydia for eit par år sidan kan vera stikkord for minnet i den samanheng.

Etter eigne utsagn byrja han å teikna jazzportrett for å koma gratis inn på konsertar. Han byrja å teikna for Romsdals Budstikke under Moldefestivalen, men sidan har det som ein skjønar "badla pao seg". På Vossa Jazz 1990 kjem han gratis inn på alle arrangement.....

Miles Davis i Arne Nøst sin strek.

HESTAVANGEN
FRE.17.30-19.00, LAUR 12-17.00, SUN 14-19.00



VossaJazzens hovedsponsor ønsker arrangører, deltakere og publikum lykke til med årets arrangement

NKP og Hygea har pr. 1/1 -90 fusjonert til Vital Forsikring A.S

VITAL
Forsikring

Havel AS Bergen

VOSSA JAZZ
86


VOSSA JAZZ
10.-12 april 87 Billettar: frå 2.3 Boks 223, 5701 Voss Tlf. 05/51 00 55 (16.00-18.00)

VOSSA JAZZ
-88
Billettar: Boks 223, 5701 Voss Tlf. 05/51 00 55 (16.00-18.00), frå 15/2.


VOSSA JAZZ

Aviser, sjokolade,
frukt. m.m.
Rett over
Hotell Vossevangen.
Tillung kiosk
Vangsgata 8, 5700 Voss

BAVALLSTOVA PENSJONAT
-rimelege prisar
-400 m frå Bavallsheisane
05/51 18 73

DATA-KONTOR-UTSTYR
DATA - KONSULENT - UTSTYR - UNDERVISNING
MERCUR
— vi kan det vi tilbyr
ADR.: VANGSGT. 6, 5700 VOSS
TLF. (05) 51 00 77, FAX (05) 51 01 02

MAT-BUA

**'ME SPELAR PÅ LAGET'
I ALLE POSITIVE
AKTIVITETAR.**



NYHETER

MILES DAVIS
ascenseur pour l'échafaud
FONTANA 836 305-2 CD

COUNT BASIE ORCHESTRA
+ NEAL HEFTI ARRANGEMENTS
the atomic mr. basie
CDP 7 93 273 2 CD

JON FADDIS
into the faddisphere
465957 2 CD

NIELS LAN DOKY
d r e a m s
M-9178 LP/CD

HANK CRAWFORD +JIMMY McGRIFF
on the blue side
M-9177 LP/CD

NORSK MUSIKFORLAG A/S
PÅ KARL JOHAN OG PR. POSTORDRE OVER HELE NORGE
P.B. 1499-Vika - 0116 Oslo 1 / Tlf.: 02 42 53 67

Folkemusikklubben på Jarl:

Buskspel og Balkanbule

Elektrisk Balkanbule, blå hardingfeletrio med slagverk, skjemteviser og sigøynarstev, buskspel på barkrakkar, bruremarsjar og rilar frå Shetland. Dette kan stå som stikkord når vertskapet Nils Økland og Gabriel Fliflet ynskjer velkomen til folkemusikklubb. Med seg har dei fått utøvande vener frå inn- og utland, og det er eit sterkt kobbel som trør til i dei nyinnreidde lokala på Hotel Jarl.

Nils Økland er tilsett som musikksjef ved Ole Bull akademiet, men han er ein allsidig kar som har mange ulike musikalske jern i elden. Mange har sikkert høyrt han som medlem i trioen Oslo Tangoforening. Økland trakterer både hardingfele og flatfele med stor dugleik.
Gabriel Fliflet er også ein folkemusikkens vagabond. Han beherskar ulike stilretningar, og han driv ei mangslungen verksemd som vert for folkemusikkveldane på Micel Tapas restaurant i Bergen. I tillegg til vokale innslag, er trekkspel og piano kjende instrument for Fliflet.

Hardingfelespelaren Knut Hamre, dottera Ingebjørg, og kvedaren Margreta Opheim representerer dei lokale innslaga på festivalen. I tillegg til desse medverkar Stein Inge Brækhus - slagverk, Tore Jamne - slagverk, Olav Tveitane - cister, kontrabass, gitar og vokal, og Willie Hunter - fele. Sistnemnde høyrer med mellom dei aller fremste spelemennene frå Shetland, og han beherskar dei fleste stilartene innanfor den britiske folkemusikken. Han er særleg kjend for sin særeigne varme tone i felespelet.

HOTEL JARL
LAURDAG KL.21.30

Gabriel Fliflet - 'bulevert'



Nils Økland er for tida musikalsk leiar ved Ole Bull-akademiet. Ved årets Vossa Jazz er han tilrettelegjar og 'bule-vert' saman med Gabriel Fliflet.

Voss kino i samarbeid med Vossa Jazz:

BIRD

I samarbeid med Voss kino kan Vossa Jazz 1990 setja Charlie "Bird" Parker på plakaten. Clint Eastwood laga i 1988 filmen om denne ruvande jazz-legenda sitt liv og musikk, med Forest Whitaker og Diane Venora som Charlie og Chan Parker. Filmatieringa hausta mykje ære, ikkje minst grunna svært bra lyd (med både orginalopptak og pålagte nyinnspelingar), men filmen skapte og, som gode filmar skal, ein del debatt:
Om filmatiseringa gav eit rett framtilling av fenomenet "Bird" på godt og vondt, mellom anna med ei etterlysing av sosiale årsaksfaktorar i eit livslaup overfylt av lidenskap,kvinner, heroin og jazz. Den diskusjonen vil truleg ikkje stoppa med det første.

VOSS KINO
SUNDAG KL.13.00

Ein god medspelar

FOR BEDRIFTER :
- Div. innskots- og låneformer, driftskreditt
- Rekneskapsanalyse
- Likviditetsanalyse/budsjettering
- Rådgjeving ved etablering, investering, prosjekt
- Betalingsformidling



FOR PRIVATE :
- Div. innskots- og låneformer
- Økonomisk rådgjeving
- Betalingsformidling
- Faste oppdrag
- Valutateneste

Vekselbanken

A.S Voss Veksel- og Landmandsbank

Postboks 10 – 5701 Voss

Tlf. (05) 51 18 22 – Telefax (05) 51 27 47

KULTURBILLETTEN TIL BERGEN



KR. 104 t/r

i tillegg til arrangementbilletten

NSB Persontrafikk Vest

Voss postkontor

DET SKJER PÅ **POSTEN...**

der får du billettar til m.a.:

Nytt i år!!

turar med NORWAY Line

til Newcastle, Amsterdam og Esbjerg.

billetter på posten

Anne Grete Preus - framleis på leit

- Jeg er etablert - fordi jeg er godt i gang. Men jeg er ikke kommet på plass. Jeg har ikke funnet min hylle. Jeg er bare i ferd med å bevege meg i retning av meg selv. Anne Grete Preus, ein av dei mest sentrale skikkelsar i norsk rock dei siste 10-12 år, er framleis på leit etter noko ukjend, noko uprøvd. Det er såleis logisk at Anne Grete Preus har samarbeidd med ein del sentrale norske jazzmusikarar i dei siste par åra.

Anne Grete Preus blei kjent for eit stort publikum som frontfigur i gruppa Veslefrikk. Fire langspelplater blei det med denne gruppa - der "Kamelon" blei Spelemanns-nominert. Seinare blei Anne Grete Preus med i gruppa Can-Can. I 1984 var gruppa på Vossa Jazz. I 1985 fekk gruppa Spelemanns-prisen for plata "En lek i forhold". I 1987 blir gruppa nominert til same pris med albumet "European rainbow".

Sidan 1988 har Anne Grete Preus arbeidd som solo-artist, men allereie medan ho arbeidd i Veslefrikk og Can-Can skreiv ho musikk for film og teater. Ho har m.a. skrive musikken til dei to Lasse Glomm-filmane "At dere tør" og "Svarte fugler", "Snart 17" i regi av Laila Mikkelsen og teateroppsetningane "Til lykke med dagen"(av Bjørneboe) og "Ikke vold".

Som soloartist har Preus gjeve ut to album - "Fullmåne" (tekstar av Bjørneboe) og "Lav sol! Høy himmel"(tekst og musikk - Preus). Anne Grete Preus har gjennom dei to siste platene utvikla eit musikalsk og poetisk uttrykk som meir komplekst enn det både Velsefrikk og Can-Can stod for. Tekstane står så avgjort på eigen bein. Metaforane er både orginale og har logisk samanheng, og dei musikalsk arrangementa og det vokale uttrykket er med å stø opp om denne kjensla av heilskap.
Til Voss kjem Anne Grete Preus med Ole-Henrik Giørtz-tangentinstr., Eivind Årseth-git., Nils Petter Molvær-trp, Bjørn Kjellemyr-bass, Paolo Vinaccia-trommer.
FLEISCHERS
SUN.KL.21.00(22.30)

Anne Grete Preus er blitt populær på norske jazzfestivalar i kjølvatnet av dei to soloplatene hennar. I Molde var ho i 1988, og i 1990 blir ho å høyra både på Vossa Jazz og Nattjazz

Anakronismen JAZZADE

Kvartetten Jazzade blei danna i juli 1988. Peter Kellin-trompet (og arrangør i bandet), Jan Inge Melsæter-trombone/ vokal, Johnnie Harper-banjo og Christian Frank-tuba/ sousafon/ bassaksofon/ kontrabass er truleg eit av dei mest aktive jazzorkestra i Noreg. Gruppa spelar gjerne på messer og til dans i tillegg til meir tradisjonelle jazzjobbar på klubbar og festivalar. Jazzade framfører - etter eige utsagn - anakronistisk jazz. Det betyr at dei gjerne arrangerer om kjende bop- og mainstreamlåtar til jazz i 20 og 30-tals stil. Jazzade sitt repertoar spenner frå Crusaders-komposisjonar til tradjazz-svisker signert Fats Waller, Louis Armstrong og Jelly Roll Morton.
Jazzade er eit fleksibelt og mobilt band med ei instrumentering som gjer at dei gjerne kan stilla opp å spela der folk er. Slik vil det og vera under Vossa Jazz. Jazzade vert å treffa både i gatene og på fjellet.

vinstuen

Dagens rett under
Vossa Jazz

kr. 60,-

Ellers rimelege
a la carte retter.

HOTEL JARL

Velkomen til en matbit på Ekaaas Kafe.

EKAAS KAFÉ & Gålleri

Me vil vera til teneste frå kl. 11.00-24.00 kvar dag under Vossa Jazz.

BAKERI



LL Voss Fellesbakeri og Konditori
5720 Palmafossen
Tlf. (05) 51 09 50

Kjappen

FAST FOOD

Kjappen er et hyggelig sted når du får lyst på noe godt.
Varierte og velsmakende retter er vårt varemerke.
Du slipper å vente på godbitene; vi tilbereder maten raskt.
Navnet "Kjappen" forplikter ...

Nå kan du også ta med deg rettene hjem. Vi bruker da en spesialemballasje, slik at maten holder seg varm.

Du finner oss på Hestavangen.
Åpningstid: 13.00 - 24.00 Lørdag 11.00 - 24.00 Tlf. 51 37 10



Vi leverer:

SNITTAR
VARM MAT
KALDTANRETNINGAR
Til selskap - møte
gravferder m.m.
Vert levert
i varmepakning.
Ring 51 21 45 for nærare
opplysningar.

VANG pensjonat

Velkomen til Voss, her finn du oss. Staden før og etter konserten.

RONDO Sportell

BLAST - dansk soul

Soul er vel den merkelappen som best dekkjer den musikk danske Blast framfører. Musikken er lett tilgjengeleg og dansbar med feite blåsar-riff og solid, svingande rytme. Blast er eit framifrå live-band som absolutt kan dette med kommunikasjon. Naturleg midtpunkt i dette 11 mann og ei kvinne sterke bandet er vokalist og komponist Lise Dandanell. På den siste plateproduksjonen "Fan" (i tydinga vifte) har Lise signert dei fleste komposisjonane. Blast gjesta Molde-festivalen i 1988 der dei gjorde eit ugløymeleg inntrykk. På Voss spelte dei i april året etter. Besetninga i Blast er: Lise Dandanell-vokal, Bjarne Thanning-trombone og musikalsk leiar, Kenneth Jensen og Peter Rasted-trompet, Niels Macholm og Ole Himmelstrup-saksofon, Jacob Olsen-gitar, Jørgen Kaufman-tangentinstrument, Lars Elsving-bass, Niels Ratzer-trommer, Peter Busborg og Søren Lauenberg-vokal.

PARK/PENTAGON
FREDAG OG LAURDAG
KL.21.30

Danske Blast er det ein må kunna kalla eit typisk live-band. Bandet ser gjerne at folk dansar til musikken deira, men arrangementa opnar opp for improvisasjonar.

Almost Brothers Band

Almost Brothers Band utan Frode Alnæs.

Big T eller Trond Sætre, som det står på fødselsattesten, er ein institusjon i Bergens musikkliv. Sterke ord , men like fullt ei sanning. I over 15 år har Big T gledd mange bluesentusiastar med sine tolkingar av perler for storby-bluesen. Enten gruppa heitte Alfonso Band eller Big T and the T-bones, var Big T midtpunktet i ein positur som kunne minna om ein kryssning mellom Joe Cocker og Pavarotti. Big T's scene har vore Hulen eller studentsenteret, og knapt ein einaste Bergensstudent har drege frå byen med sine eksamenspapir utan å ha opplevd denne storvaksne hardingen med den viltveksande, ramsvarte hovud- og ansiktspryden alltid iført matchande, kvit dressjakke.

I Almost Brothers Band har Big T med seg Freddie Johnson-gitar, Olav Dale-saksofon, Yngve Moe-bass, Willy Korneliussen-trommer og - spesielt for Vossa Jazz-jobben - Frode Alnæs-gitar. Ein kan trygt lova ei festivalavslutning av det lause og ledige slaget.

PARK/PENTAGON
SUNDAG KL.22.00

Les om VOSSA-JAZZ

i

Hordaland

— største lokalbladet i fylket —

DYRDAL MATSENTER

IVAR DYRDAL
HAUGAMOEN
KYTE

DAGLEGVARER

Gode varer, gode tilbod
og trivelege butikkar!

T-skjorter m/trykk

(05-51 28 90

SERIGRAFO

skilt·silketrykk

voss

10 år

LITTERATURTREFF

Vossa Jazz følgjer også i 1990 opp tradisjonen med litteraturtreff, denne gongen på Hotell Vossevangen, laurdag 7. april kl 14.00. I løpet av eit par-tre ettermiddagstimar får publikum møte tre av våre fremste yngre forfattarar: **Jon Fosse**, **Merete Morken Andersen**, og **Svein Jarvoll**. Det vil bli presentasjonar av forfattarskapane, forfattarane vil lese utvalde tekstar frå sin produksjon, og dessutan delta i samtale. Innslaga blir knytte saman med musikk som høver for både litteratur- og jazzinteresserte, framført av den svenske jazzpianisten **Bobo Stenson**(sjå omtale anna stad i programmet).

JON FOSSE er blitt eit kjent namn i nordisk samanheng. Han har skrive både fiksjonsprosa, dikt og essays, og er ein ivrig kritikar både i inn- og utland. Prosabøkene hans har sterke poetiske kvalitetar, og han har markert seg som reflektert essayist. Han har bakgrunn i rock, og har no skrive samanhengande i over ti år. Den første fiksjonsboka kom i 1983 med tittelen *Raudt, svart*, og deretter gav han i 1985 ut *Stengd gitar*. Etter diktboka *Engel med vatn i augene* (1986) kom i 1987 forteljinga *Blod. Steinen er*, som vart etterfølgd av *Naustet* i fjor haust. Eit stort knippe av sine mange essays gav han også ut i 1989, og samme året sende han ut biletboka *Uendeleg seint*. Til hausten kjem Fosses andre diktsamling (*Hundens bevegelsar*), og hans andre biletbok (*Kant*), med eigen tekst, og bilete ved svensken Roj Friberg. - Jon Fosse er frå Strandebarm i Hardanger, og er busett i Åsane ved Bergen. Han underviser ved Skrivekunst-akademiet i Hordaland.

MERETE MORKEN ANDERSEN syner også sterke poetiske innslag i skrifta. Ho debuterte i 1988 med punktromanen *FRA*, ei poetisk bok som umiddelbart hausta framifrå bokmeldingar. Med *FRA* plasserte ho seg straks sentralt i norsk samtidslitteratur. Tekstane er opptatt av språkets skapande og frigjerande kvalitetar. Dei gjer seg blant anna nytte av minner i utforminga av eit opnande biletspråk, samstundes som dei arbeider med rytme som effektivt verkemiddel. Og dei knyter an til psykoanalytiske tema, som forholdet mellom barn og vaksne, moderskapet, og kjærleikens vilkår i tilhøvet mellom nærvære og fråvære. - Merete Morken Andersen har bak seg forfattarutdanningskurs både i Bø i Telemark og ved Skrivekunst-akademiet i Hordaland. Ho arbeider for tida også med tilhøvet mellom tekstar og andre kunstformer. Nyleg tilbringa ho dessutan eit år i USA, der ho m.a. underviste norsk litteratur. Ho er busett i Bergen.

SVEIN JARVOLL sitt seinaste litterære prosjekt er unikt i norsk samanheng. *En Australiareise* frå 1988 er ei halsbrekkande parodisk reiseskildring, biografi, og kjærleiksroman. Romanen vender opp-ned og bak-fram på det meste, også det såkalla litterære. Eit fyrverkeri av ei bok, seriøs og ustyrleg komisk side om side. Full av kunnskap og fiksjon for flat pedal - og kanskje ny innsikt. Tidlegare har Jarvoll gitt ut diktboka *Thanatos* (1984). I fjorårsboka *On the Bridge*, utgitt av Queensland Arts Council, har han redigert og skrive tekstar om flyktningebarns vilkår i Brisbane, Australia. Deler av denne boka baserer seg på intervju Jarvoll har hatt med 12-17-åringar, innflytta til Australia frå Vietnam, Kampuchea, Thailand, Chile, Colombia, osv. Barna sjølve har bidratt med skisser frå dagleglivet, krigsskildringar, o.likn. Jarvoll har elles publisert dikt, artiklar og omsetjingar i aviser og tidsskrift i Norge og i Australia. For tida er han i arbeid med ei novellesamling, som kjem ut på Gyldendal i år. - Svein Jarvoll er fødd på Onøy i Lurøy kommune på Helgeland, og vaks opp i Oslo. Han har studert filologi, og har jobba på sjokoladefabrikk, på hotell, vore fjellførar i Jotunheimen, samt privatlærar i Australia. Han bur for tida på Onøy.

Programmet til Vossa Jazz sitt litteraturtreff er sett saman og vil bli presentert av Arild Linneberg og Lars Sætre.

HOTELL VOSSEVANGEN
LAURDAG KL.14.00

Juni Dahr, Jørn Simen Øverli, Zbigniew Lapinski og Sosialistisk Kor:

En messe for Sovjetunionen

Årets kyrkjekonsert står i glasnost sitt teikn. Så har då også kyrkjekonserten fått tittelen "En messe for Sovjetunionen", og medverkande er Jørn Simen Øverli, Zbigniew Lapinski, Juni Dahr og Sosialistisk kor frå Bergen. Ein kombinasjon som vel kan verta eit av dei store høgdepunkta under årets festival.

Både Jørn Simen Øverli/Zbigniew Lapinski og Juni Dahr torer vera kjend for eit stort publikum. Øverli/Lapinski har hatt stor suksess med sine tolkningar av songane til den russiske poeten og skodespelaren Vladimir Vysotkij, medan Juni Dahr fyrst fekk eit skikkeleg gjennombrot, både nasjonalt og internasjonalt, med si uforlikneleg skildring av Jeanne d´Arc. Sosialistisk kor vil derimot vera eit nytt, og sansynlegvis positivt kjennskap for dei fleste.

"En messe for Sovjetunionen" er sett saman av messeledd frå den russsiske kyrkja sin tradisjon, kyrkjemusikk av Rachmaninov, russisk poesi og prosalyriske tekstar, og nokre av songane til Vysotskij.

Vysotskij har etter kvart vorte Øverli/Lapinski sitt varemerke, og duoen fekk sist år Spelamannsprisen for plata "Levende bandasjer". Øverli har ei karakteristisk røyst som høver godt til dei usminka tekstane til Vysotskij, og saman med Lapinskij sine skreddarsydde arrangement er denne duoen ein "sikker vinnar".

Etter 10 år på DNS i Bergen, kasta Juni Dahr seg ut på djupt vatn med den sjølvkomponerte framsyninga si "Jeanne D´Arc-visjoner gjennom ild". Ho har turnert med framsyninga i USA og i Norden, og alle stader har kritikken vore overstrøymande. No er Dahr ute med ei ny framsyning, og denne gongen er det seks av Ibsen sine kvinneskapnader som er tema. Juni Dahr er i ferd med å verta eit av Noregs fremste eksportartiklar, og dei internasjonale turneane hennar går med stønad frå UD.



Juni Dahr - skodespelar og formidlar i verdsklasse.

Sosialistisk kor skal framføra Rachmaninov sittt verk "Vesper", songar frå russisk-ortodoks tradisjon, og "Fredslitaniet"-musikk bygd over tradisjonell kyrkjeleg litturgi. Særleg Rachmaninov set store krav til korsongarane.

VANGSKYRKJA
SUNDAG KL.17.00

Alterhaug-verket på kassett

Tingingsverket "Fantasiar for eit miljø" av Bjørn Alterhaug er no tilgjengeleg på kassett. Medverkande er Voss Folkehøgskulekor,Fossegrimen, Voss Storband, Spiroketer, Herborg Bryn, Olav Dale, Ivar Kvåle og Einar Mjølsnes.
Spør etter kassetten hjå salsbuene til Vossa Jazz.

Pris kr.60,-

Norske barnerim med latinamerikansk "fot"

Årets barnearrangement presenterer eit møte mellom norsk og brasiliansk kultur, representert ved musikarane Tone Hulbækmo, Hans Fr. Jacobsen og Celio De Carvalho.

Med utgangspunkt i plata "Langt nord i skogen", fjorårets Spelmannsprisvinnar i klassen barn, legg dei tre musikarane ut på ein musikalsk skogstur, der norske grantre og brasilianske tropevekstar står side om side.

Dei frodige, ofte burlesk-absurde tekstane vert reflekterte i musikalske arrangement fulle av overraskingar, humor og snerten rytmikk.

Årets barnearrangement vil truleg også ha stor appell til mange vaksne, ettersom dei her vil få serverte mange av dei songane dei sjølve voks opp med - men altså ikledd ei ny og spennande drakt. Celio De Carvalho trakterer diverse rytmeinstrument, medan Hans Fr. Jacobsen spelar instrument som gitar, toradar, sekkepipe, synth. og fløyte. Tone Hulbækmo syng, og i tillegg trakterer også ho diverse instrument.

VOSS GYMNAS

LAURDAG KL. 15.00

Tone Hulbækmo er sentral i årets barnearrangement.

Hatuey - afro-cubansk frå Sverige

Hatuey (utt: 'at:uei) er ikkje berre namnet på ein kjend kubansk indianarhøvding og Cubas beste øl, men og namnet på eit friskt pust innan svensk rytmisk musikk. Septetten blei skipa sommaren 1987, men gruppa låg brakk i store deler av 1988 då dei to trommeslagarane Eva Svensson og Lasse Bergstrøm studerte perkusjon på Cuba. Frå 1989 har Hatuey vore svært aktive og turnert i heile Norden.

Svenske Hatuey:(framme f.v.) Eva Svensson, Lasse Bergstrøm. (Bak f.v.) Stefan Grahn, Mats Lundvall, Francisco Ginard, Bjørn Meyer og Hans-Gøran Johansson.

Hatuey blandar afro-cubansk, salsa, comparsa (cubansk karnevalsmusikk) med funk og jazz. Musikken er sterkt rytmisk og i aller høgste grad dansbar. Låtane vert stort sett skrivne av pianisten Mats Lundvall og saksofonisten Stefan Grahn. Arrangementa vert gjerne utarbeidde i felleskap.

Hatuey er sett saman av: *Mats Lundvall-piano/synth, Stefan Grahn-altsaks, Hans Gøran Johansson-trompet, Bjørn Meyer-el.bass, Francisco Ginard-perkusjon, Lasse Bergstrøm og Eva Svensson-slagverk.*

PARK/PENTAGON
LAURDAG OG
SUNDAG KL:01.30.

Alterhaug/Christensen/Stenson: Akustisk oase

Etter lange og harde dagar og kveldar med eit tettpakka program, kan nattklubben på Park/Stationen vera plassen å gå. Der vert det nemleg servert akustisk jazz i stjerneklassen, og "servitørar" er tre av dei fremste jazzmusikarane dei nordiske landa har fostra.

Både Bjørn Alterhaug, Jon Christensen og Bobo Stenson er gamle kjende i Vossa Jazz-samanhang, og mange av våre mest trufaste publikummarar vil med glede hugsa konsertar og klubbar som desse tre musikarane har vore med og gjort til høgdepunkt.

For mange vossingar vil kanskje Bjørn Alterhaug sitt tingingsverk frå 1985 - "Fantasier for et miljø" - vera det som sit sterkast i minnet. Alterhaug engasjerte den gongen heile musikklivet på Voss i ein gigantisk musikkdugnad. Men Alterhaug har også vore her i andre samanhangar, som til dømes med Kapstad/Johansen Kvartett i 1981, saman med Pepper Adams i 1979, og med eigen kvartett i 1975.

Både Bobo Stenson og Jon Christensen var verkelege gjengangarar i festivalen sine fyrste år. Både i -74 og -75 var dei her som medlemmer av Jan Garbarek kvartett, og Bobo var her også i 1976 - den gongen i duett med Palle Danielson. Jon Christensen var her dessutan både i 1986 og -87, med Masqualero og Gøran Klinghagen Hip Hop Ensemble.

Alle dei tre har i mange år tilhøyrt kremen av europeiske jazzmusikarar, og det er all grunn til å tru at denne triocn vil stå for noko av det fremste festivalen har å by på.

PARK/STATIONEN FREDAG OG LAURDAG KL 23.00

Bobo Stensson - på Vossa Jazz i 1974, 75, 76 og 90.

Jon Christensen

Bjørn Alterhaug

Me leverer fotoutstyr og fototenester til Vossa Jazz!

HERHEIM foto

P2 EIN JAZZKANAL

Sidan 1985 har P-2 vore til stades under Vossa Jazz. Det er ikkje få minutter sendetid denne kanalen har hatt frå Voss. Her er er ein liten presentasjon av stemmene bak mikrofonen.

Ola E.Bø (t.v.) og Oddbjørn Idrebø ser kvart år med forventning fram mot Vossa Jazz.

Oddbjørn Indrebø (frå Odda)
Som utøvande medlem av Odda Jazzklubb har Oddbjørn spelt jazz på Voss lenge før Vossa Jazz vart skipa. Han har vore aktiv som jazzutøvar og storbandleiar i Trondheim, men han tek det meir med ro med slikt no. Er musikklektor ved Trondheim Lærarhøgskule og lausmedrbeidar i P2 med jazz som arbeidsfelt. Han har dekka Vossa Jazz alle åra sidan P2 vart etablert. Har i fleire år og hatt ansvaret for P2 si dekking av Nattjazzen i Bergen. I tillegg til fleire spesialprogram lagar han det faste månadsmagasinet "Jazzå". Oddbjørn et smalahove og går heller ikkje av vegen for det som høyrer til.

Ola E. Bø (frå Sauda)
Ola har hatt like stor interesse for felespelet, målet og matskikken på Voss som for jazzen. Han er likevel for eit noko breidare kulturomgrep og det seiest at han lærer fort. Programsekretær i kulturredaksjonen - NRK P2 sidan 1985(no nedlagd). Sidekommentator på Voss sidan dei fyrste direktesendingane i 1987. Stemma er kjend frå kulturmagasinet "Notabene". Ola har og i over eitt år klart å koma seg ut av senga tidleg nok til å vera med på P2 si morgonsending "I dag". Han har ellers laga ei rad tittelprogram med emne frå ulike deler av kulturlivet. Ola har sagt at han kjem til å boikotta festivalen om den skifter arbeidsspråk. Et smalahove og ser stort på det som høyrer til.

Vossa Jazz i P2:

Fredag 6. april kl. 22.15-23.00
Direktesending frå Park Pentagon med BLAST.

Søndag 8. april kl. 19.00-20.00
Direktesending frå idrettshallen med STEPS AHEAD

Tirsdag 10. april kl. 22.05-23.00
Opptak frå opningskonserten med MIKE STERN & BOB BERG BAND

Torsdag 12. april kl. 22.30-24.00
ARILD ANDERSEN sitt tingingsverk "SAGN"

Søndag 15. april kl. 22.05-23.00
Opptak frå BETTY CARTER AND HER TRIO

Søndag 29.april kl 17.00-18.00
Jazzå med ANDY SHEPPARD QUINTET og ARKHANGELSK.

CAC
CRUISING AUDIO CONCEPT
BERGEN A/S

Cruising Audio Concept Bergen A/S

Totallevrandør av lyd- og lystenester til
Vossa Jazz 1989 og 1990.

LANGOPE SENTERET
MÅND.—FRED. 9-19
LAURDAG 9-17
Laksekotelettar 49,90
Fiskepudding 29,90

MØT JON FOSSE

LITTERATURTREFF, LAURDAG 7. APRIL, KL.14.00. HOTELL VOSSEVANGEN.

Jon Fosse har sidan debuten i 1983 gitt ut fem romaner, ei diktsamling, ei barnebok og ei essaysamling.

Jon Fosse er nominert til Norsk Litterarturkritikarlags pris for romanen "Naustet" som kom i fjor.

Med sin modernistiske skjønnlitteratur og med ei rekkje litterturatur- teoretiske artiklar er Fosse blitt "profet" både i sitt eige land og i våre nordiske granneland.

Såleis har romanen "Raudt. Svart"(1983), "Stengd gitar"(1985), "Blod. Steinen er."(1987) og "Naustet" (1989) alle fått store presseoppslag og innsiktsfulle kritikkar i eit titals svenske riksaviser.

Jon Fosse underviser på skrivekunstakademiet i Hordaland.

Samlaget



A Voss railway station. Bus terminal.
B Hanguren Cable Car station.
C Banks D Chemist
E Telegraph - Postoffice
F Tourist Office - Town Hall
G Voss Cinema H Voss YC Hall
I Bergsliens Monument
J Knute Rockne Memorial
K St. Olav's Cross L War Memorials
M To Magnus Dagestad Museum
N To Voss Folklore Museum (Mølstertunet)
O Finnesloftet P St. Olav's Church

R NSB Travel Bureau
S Excursion Bus terminal
T Police U Fire station

1. Fleischers Hotel-Motel
2. Voss UH
3. Hotel Vossevangen
   festivalkontor
4. Park Hotel Voss
5. **Kringsjå Pensjonat**
6. Hotel Jarl
7. Nøring Pensjonat
8. Vang Pensjonat
9. Rondo Pensjonat
10. To Voss Turistheim
12. To Bavallen Pensjor
13. PEDICURE
14. Voss Sport Theatre/
    idrettshallen
15. Sovesal



VossaJazzens hovedsponsor
ønsker arrangører, deltakere
og publikum lykke til
med årets arrangement

NKP og Hygea har pr. 1/1 -90 fusjonert til Vital Forsikring A.S

VITAL
Forsikring